



## Møteinnkalling

**Utval:** Fitjar sokneråd

**Møtestad:** Fitjar rådhus, kommunestyresalen

**Dato:** 19. oktober 2017

**Tid:** Ca. kl. 19.30 (etter møtet i fellesrådet)

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

### Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Helga Olsen Aadland	Leiar
Sigrid Marie Fangel	Nestleiar <b><u>N.B. Ord for dagen</u></b>
Gunnvald Aarbø	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav Oma	Sokneprest
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Fridleif Lydersen	Vara for soknepresten

Fitjar, 13. oktober -2017

Harald Rydland

Helga Olsen Aadland

Kyrkjeverje

Soknerådsleiar

### Sakliste:

#### Saksnr.

- S-24/17 Liste over gudstenester og andre arrangement 1. halvår 2018
- S-25/17 Offerliste for 1. halvår 2018
- S-26/17 Arrangement i kyrkja sin regi
- S-27/17 Godkjenning av referat
- S-28/17 Meldingssaker
- S-29/17 Open post



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

#### **Sak 24/17: Liste over gudstenester og andre arrangement 1. halvår 2018**

Soknepresten har laga framlegg til gudstenesteliste for 1. halvår 2018. Lista ligg som vedlegg til innkallinga. Gudstenesteutvalet skal ha lista oppe til behandling onsdag den 18. oktober. Det vil verta orientert nærare om lista og behandlinga i gudstenesteutvalet på møtet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet sluttar seg til gudstenestelista for 1. halvår 2018 slik den ligg føre.

#### **Sak 25/17: Offerliste for 1. halvår 2018**

Soknepresten har laga framlegg til liste for kyrkjeoffer for 1. halvår 2018. Lista er ein del av gudstenestelista som ligg som vedlegg til innkallinga. Gudstenesteutvalet skal ha lista oppe til behandling onsdag den 18. oktober. Det vil verta orientert nærare om lista og behandlinga i gudstenesteutvalet på møtet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet sluttar seg til lista over kyrkjeoffer for 1. halvår 2018 slik den ligg føre. Ordninga med at kyrkjelyden sjølv skal ha 10 % av alle kollektar som vert teke opp til andre organisasjonar held fram.

#### **Sak 26/17: Arrangement i kyrkja sin regi**

Framover er det fleire arrangement i kyrkja og soknerådet sin regi som skal gjennomførast. Her kan me nemne prostidag, jubileumsgudsteneste, jubileumsfest, julekonsertar m.m. Det er bra om soknerådet går gjennom status for planlegging og gjennomføring av arrangementa. Det kan og vera greitt om soknerådet tek ein kort gjennomgang av nokre av arrangementa som har funne stad sidan sist møte.

#### **Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

#### **Sak 27/17: Godkjenning av referat**

Utkast til referat frå soknerådsmøte den 21. september har sekretæren sendt ut i eigen e-post tidlegare. Det er fint om medlemene kan lesa gjennom referatet og komma med evt. merknader før det skal godkjennast i møte.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet godkjenner referatet frå møte den 21. september 2017.

#### **Sak 28/17: Meldingssaker**

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Møte med kyrkjetenarar og klokkarar
2. Lydanlegg på galleriet
3. Lysanlegget på kyrkjegarden

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til orientering

#### **Sak 29/17: Open post**